

Har du hugsa:

Når du flytter inn

- Skrive husleigekontrakt
- Depositum
- Synfaring
- Mangelliste

I bustaden


- Ny innbuforsikring
- Lese av straum
- Opprette eller endre straumabonnement
- Melde flytting til Folkeregisteret
- Melde flytting til Posten
- Sette namn på ny postkasse
- Søke bustøtte på Servicetorget
- Lage budsjett
- Sette deg inn i husreglar

Vedlikehald

- Sjekke brannsløkkingsapparat
- Sjekke batteri på røykvarslarar
- Reinhold av kjøkenvifte
- Reinse sluk
- Lufte godt – halde alle lufteluker opne

www.luster.kommune.no

Rådhuset, 6868 Gaupne


 + 47 57 68 55 00

 postmottak@luster.kommune.no

www.nav.no

Besøksadresse: Øyagata 9, Gaupne

Postadresse: Postbok 114, 6868 Gaupne


 + 47 55 55 33 33

 post@nav.no

www.skatteetaten.no


Skatt vest Sogndal


Fossetunet 1, 6856 Sogndal

 +47 80 08 00 00

www.husbanken.no

Postboks 1404, 8002 Bodø

 +47 22 96 16 00

 post@husbanken.no

STARTHJELP I BUSTAD  


Når du flytter inn



I bustaden



Vedlikehald



Når du flytter inn

Papirarbeid



Husleige kontrakt

Når du **leiger bustad** skal bustaden ved innflytting vere i kontraktmessig stand: Rydda, reingjort og i vanleg god stand. Gå gjennom bustaden (**synfaring**) ved innflytting. Skriv ned eventuelle manglar (**mangelliste**). Dersom du ikkje melder frå om manglar «innan rimeleg tid» (ca. 14 dagar) blir forholda rekna som godtekne.

Depositum eller depositumsgaranti

Dei aller fleste utleigarar tek ein sum i **depositum** som sikkerheit ved eventuelt brot på leigeavtalen. Dersom du ikkje har eigne midlar til depositum, kan du søke om **depositumslån** i ordinær bank. Eit siste alternativ er å søke **depositumsgaranti** hjå NAV. Depositumsgaranti er ein avtale mellom NAV, leigetakar og utleigar som inneber at utleigar kan få dekkja utgifter ved brot på leigeavtalen. Garantien er gyldig for ein periode slik at du bør spare eigne midlar til depositum i denne perioden, eventuelt søke forlenging hjå NAV.

I bustaden

Papirarbeid



Innbuforsikring

Om det skulle oppstå skade på innbu ved blant anna brann, vasskader, tjuveri og hærverk, er det viktig å teikne innbuforsikring. Huks å inngå ny avtale med forsikringsselskapet når du byter bustad. Innbuforsikring gjeld ikkje for skader under flytting.

Straum



Ved overtaking av bustad skal straummålar lesast av (**avlesing**) og sendast inn til straumleverandør, enten som sms eller på heimesida, alternativt per telefon. Dersom du har **abonnement** frå før må du endre adresse til straumleverandør. Dersom du ikkje har abonnement frå før må du opprette nytt hjå straumleverandør.



Melde flytting

Når du flyttar må du melde frå om ny adresse til Folkeregisteret. Hugs også å endre adresse på Posten og sette namnelapp på den nye postkassen din.

Søke bustøtte



Har du låg inntekt kan du søke bustøtte. Søknad om **bustøtte** leverer du på Servicetorget. Kopi av husleige kontrakt må følgje ved søknaden, også stadfesting på adresseendring dersom denne ikkje allereie er oppdatert i Folkeregisteret. Adresseendring må gjerast innan den 1. i månaden. Søknad om bustøtte må leverast innan den 14. i same månad for å få behandla bustøtte til neste månad.

Budsjett	Jan	Feb
Totale inntøktar	14600	14600
Totale utgifter	13550	14650
Tilgjengelege midlar	1050	-50

Økonomi - Budsjett

Lag **budsjett** for å få oversikt over økonomien din. Lag ein oversikt over **inntekt** pr. mnd., og ei berekning av **utgifter** per månad. Søk råd og rettleiing hjå NAV dersom du treng hjelp.



Husreglar

Les gjennom husreglane nøye. Det er viktig å behalde eit godt bumiljø og ta hensyn til kvarandre. I husreglane er det plikter du må følgje, dersom ikkje kan det komme **klager** på deg og du kan risikere å miste bustaden.

Vedlikehald

Oppgåver du som leigetakar har ansvar for er blant anna:

- Skifte av batteri i røykvarsalarar
- Reingjering av kjøkenivfte
- Reingjering av bustaden
- Lufte godt på kjøken ved matlaging
- Lufte godt på bad ved bruk av dusj
- Kontrollere brannsløkkingsapparat
- Sjå etter vasslekasjar på kjøken og bad
- For tips, sjekk: <http://bofilm.no>

Ta godt vare på bustaden, det kan spare deg for unødvendige utgifter på sikt. **Ventilasjon** er viktig for å hindra for mykje **fuktigheit**, som kan føre til sopp og råte. La alle lufteluker stå opne, spesielt viktig i våtrom som bad og vaskerom. Når du **reingjer** bustaden, ikkje bruk for mykje vatn og tørk opp vassøl med ein gong. Spesielt ved kjøkenbenk og servant på bad. Reingjer også sluk og kjøkenivfte jamleg.

Vegen vidare – leige eller eige? Leige eller eige?



Leige

Søk etter bustad til **leige** på internett og i lokalavis. Ta kontakt med utleigar for visning og vær positiv, høfleg og blid. Ha eit kritisk blikk, men ver konstruktiv.

Har du vanskar med å få leige bustad på den private leigemarknaden kan du søke om **kommunal bustad**: Eit butilbod som er meint å vere i maksimalt tre år. Søknad kan leverast på Servicetorget på rådhuset.

Eige

Ynskjer du å eige din eigen bustad, må du søke **lån** i ordinær bank. Ei førehandsgodkjenning vil vise kor mykje lån du kan få og du må ha denne klar før du legg inn bod. Dersom du er vanskelegstilt på bustadmarknaden og ikkje har tilstrekkeleg inntekt til å dekke utgifter til lån og livsopphald, har du anledning til å søke **Startlån**. Søknaden må leverast Servicetorg. For tips, sjekk: <http://apps.husbanken.no/migra>